




STORD KOMMUNE

RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE

Av forslag til nye utbyggingsområde ved rullering av Stord kommune sin arealdel av kommuneplanen for perioden 2010-2021



KOMMUNEPLAN FOR STORD KOMMUNE

AREALDELEN

Innhald

1. INNLEIING.....	4
2. PRINSIPP OG INNDELING I KATEGORiar	4
2.1. Prinsipp.....	4
2.2. Kategoriar	4
3. METODE FOR RISIKOVURDERING	5
3.1. Kriterier for sannsyn og konsekvens	5
3.2. Akseptkriteria	6
3.3. Konsekvenskategoriar	6
4. DEFINISJONAR	7
5. KARTLEGGING AV RISIKO NYE UTBYGGINGSOMRÅDE	8
5.1. Generelt	8
5.2. Risiko knytt til kvart einskild område	8
5.2.1. Bustadområde nr 1 Horneland (Byrkjeland)	11
Kart område 1 – Horneland (Byrkjeland).....	12
5.2.2 Bustadområde nr 2 Rommetveit.....	13
Kart område 2 Rommetveit	14
5.2.3. Bustadområde nr 3 Frugarden (areala aust for Tysevegen ikkje medrekna)	15
Kart område 3 – Frugarden (samla).....	16
5.2.4. Næringsområde nr 4 Petarteig (Dåfjorden - naust)	17
Kart område 4 – Petarteig (Dåfjorden - naust)	18
5.2.5. Bustadområde nr 5 Vikanes (føresett utvida i restriksjonssona)	19
Kart område 5 - Vikanes	20
5.2.6. Bustadområde nr 6 Kyvik (gjeld eksisterande bustader).....	21
Kart område6 – Kyvik/Fuglevika	22
5.2.7. Kombinert nærings- og bustadområdeområde nr 7 Sagvåg	23
Kart område 7 – Sagvåg/Podlen	24
5.2.8. Båthamnområde nr 8 Skjersholmane.....	25
Kart område 8 –Skjersholmane	26
5.2.9. Næringsområde nr 9 Heiane vest	27
Kart område 9 – Heiane Vest	28
5.2.10. Bustadområde nr 10 Tyse (arealet er teke med under pkt 14).....	29
Kart område 10 – Tyse (tidlegare hestesportsløype).....	30
5.2.11. Nærings-/bustad/off.byggområde nr 11 Hatland-Digernes (Heiane sør).....	31
Kart område11 – Hatland – Digernes (Heiane sør)	32
5.2.12. Bustadområde nr 12 Hystad (aust for Hystadvegen).....	33
Kart område 12 – Hystad(aust)	34
5.2.13. Bustadområde nr 13 Hystad (vest for Hystadvegen).....	35
Kart område 13 – Hystad(vest).....	36

5.2.14. Bustad- og næringsområde nr 14 Tyse (tidlegare hestesport)	37
Kart område 14 – Tyse	38
5.2.15. Næringsområde nr 15 Tyse E - nytt helsesportssenter	39
Kart område 15 – Tyse E (Nytt hestesportssenter).....	40
5.2.16. Idrettsanlegg nr 16 Tyse A Vestlio.....	41
Kart område 16 – Tyse A (Vestlio)	42
5.2.17. Bustadområde nr 17 Tyse v/Ørehaug/Golfkollen.....	43
Kart område 17 – Tyse V (Ørehaug/golfkollen)	44
5.2.18. Bustadområde nr 18 Nes/Sætrevik	45
Kart område 18 – Nes/Sætrevik	46
5.2.19. Areal i sjø nr 19 Kyvik - båthamn	47
Kart område 19 – Kyvik (sjøområde).....	48
5.2.20. Næringsområde nr 20 Vikanes	49
Kart område 20 – Vikanes	50
5.2.21. Friområde/Hamn nr 21 Sagvåg	51
Kart område 21 – Sagvåg/Flatholmen.....	52
5.2.22. Næringsområde nr 22 Tømmervikjo	53
Kart område 22 – Tømmervikjo	54
5.2.23. Bustadområde nr 23 Stokken.....	55
Kart område 23 – Stokken.....	56
5.2.24. Næringsområde nr 24 Stuva (Litlabø).....	57
Kart område 24 – Stuva/Litlabø	58
5.2.25. Bustadområde nr 25 Kvernaneset.....	59
Kart område 25 – Kvernaneset.....	60
6. KONKLUSJON.....	61
7. SJEKKLISTE FOR RISIKO OG SÅRBARHETSANALYSE.....	62
8. SJEKKLISTE FOR PLANLEGGING	63

1. INNLEIING

Ved rullering av kommuneplanen for Stord kommune for perioden 2010-2021 er det bestemt at for nye utbyggingsområde skal det gjennomførast ROS-analyse på eit grovt nivå.

Overordna mynde har også bestemt at samfunnstryggleik og beredskap skal ha ein sentral plass i kommunen sine overordna planar. Dette er presisert i St. meld. Nr 17 (2001-2002) Samfunnssikkerhet – veien til et mindre sårbart samfunn, og følgd opp i St. Meld. Nr 22 (2007-2008) Samfunnssikkerhet – samvirke og samordning.

Vidare er det gjort endringar i plan- og bygningslova (PLB) - §3-1 og § 4-3 – der kommunen har plikt til å følgja opp kravet om ROS-analysar i alle plansaker som eit tiltak for å førebygga risiko for tap av liv og helse, miljø, infrastruktur og materielle verdiar.

Føremålet med analysen er å gje ei overordna og representativ framstilling av risiko for helsepåverknader, tap av menneskeliv, forureining og tap av materielle verdiar knytt til arealbruken.

Analysearbeidet er gjort av prosjektleiar Kjell Nesbø, kommunelege Lars Helge Sørheim, brannsjef Børge Presthaug, varabrannsjef II Åge Ådland og med bistand frå dagleg leiar Stord kommunale eigedom KF - Olav Eide, og dagleg leiar Stord kommunale vatn og avløp KF - Sivert Haaland.

2. PRINSIPP OG INNDELING I KATEGORAR

2.1. Prinsipp

For nasjonalt tryggleiks- og beredskapsarbeid gjeld desse prinsippa:

- ° *Ansvarsprinsippet* betyr at den som har eit ansvar i ein normalsituasjon også har eit ansvar i tilfelle ekstraordinære hendingar.
- ° *Likhetsprinsippet* betyr at den organisasjonen ein opererer med til dagleg, skal vera mest mogeleg lik den organisasjonen ein har under krise.
- ° *Nærleiksprinsippet* betyr at kriser skal handterast på eit lågast mogeleg nivå.

Lovverket pålegg kommuner å ivareta tryggleik og beredskap for:

- Beredskapsmessige hensyn i samfunnsplanlegginga (BIS) etter plan- og bygningslova
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann- og eksplosjonsvern
- Sikkert drikkevatt
- Informasjon
- Rasjonering

2.2. Kategoriar

For å avdekka risikotilhøve i samband med nye arealdisponeringar vert det lagt til grunn ei sjekklister med inndeling i 3 kategoriar:

- ° Naturrisiko
- ° Verksemdsrisiko og beredskapsrisiko
- ° Sårbare objekt

Under kategorien naturrisiko kjem skred, flom i vassdrag, høg vasstand, sterk vind, ekstremnedbør, skog-/lyngbrann og radon.

Under kategorien verksemdsrisiko og beredskapsrisiko kjem risikoverksemdar, forureina grunn, elektromagnetisk stråling, trafikktryggleik, skipsfart og brannvesen.

Av sårbare objekt kan nemnast friluftsliv-/friområde, kulturminne, verneområde, vatn, elvar/vassdrag og andre sårbare område – jfr ROS-analysen for Stord og Fitjar kommune sist revidert hausten 2008.

3. METODE FOR RISIKOVURDERING

I norsk standard NS 5814 vert risiko definert slik:

”Uttrykker den fare som uønskede hendelser/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes som sannsynligheten for, og konsekvenser av, dei uønskede hendelsene”.

3.1. Kriterier for sannsyn og konsekvens

Det er nytta dei same kriteria for inndeling av uønskte hendingar i sannsyn og konsekvens som i den overordna ROS-analysen for Stord kommune frå oktober 2008. Som utgangspunkt er nytta ei inndeling som er henta frå andre tilsvarende prosjekt, og deretter gjort ein del lokale tilpassingar. Følgjande inndelingar for sannsyn vert nytta:

Begrep	Intervall
Lite sannsynleg	Mindre enn ein gong kvart 50. år
Noko sannsynleg	Mellom ein gong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år
Sannsynleg	Mellom ein gong i året og ein gong kvart 10. år
Mykje sannsynleg	Mellom ein gong i året og ein gong kvart 5. år
Svært sannsynleg	Ein gong i året eller oftare

Konsekvensane for liv og helse, miljø, økonomi og materielle verdier, drift, produksjon og tenesteyting, samfunnsviktige funksjonar og truverde/omdømme, er vurdert etter følgjande begrep:

- Ubetydeleg
- Ein viss fare
- Alvorleg/farleg
- Kritisk
- Katastrofal

Standard risikodiagram som er nytta i analysearbeidet

Risikodiagram (som gir et bilde av hvilken risiko de forskjellige uønskede hendelser/årsaker representerer)


Sannsyn	Konsekvens				
	Ubetydeleg	En viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg	Orange	Raud	Raud	Raud	Raud
Mykje sannsynleg	Grøn	Orange	Raud	Raud	Raud
Sannsynleg	Grøn	Grøn	Orange	Raud	Raud
Noko sannsynleg	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Raud
Lite sannsynleg	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Orange

3.2. Akseptkriteria


Ved gjennomføring av ROS-analysen for nye utbyggingsområde er lagt til grunn følgjande akseptkriteria:



Hendingar i raudt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreduserande tiltak gjennomførast. Elles må det gjennomførast meir detaljert ROS-analysar for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i raude felt **skal** det utarbeidast ROS-analyse før tiltak kan godkjennast.



For hendingar som ligg i gul sone i gul sone må det gjennomførast tiltak for å redusera risikoen so mykje som råd er. Det kan vere naturleg også å leggja ein kost-nytteanalyse til grunn for vurdering av enda fleire risikoreduserande tiltak. I gul sone skal kommunen krevja ROS-analyse.



I utgangspunktet er hendingar i grøn sone akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogeleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. Om det skal gjennomførast ROS-analysar i grønne områder må vurderast i den einskilde regulerings- og/eller byggesak.

Dette betyr at som hovudregel er tilhøve/hendingar plassert i raude felt noko som medfører uakseptabel risiko, og at det må gjennomførast risikoreduserande tiltak av førebyggjande og/eller skadebøtande karakter, slik at risikobiletet kjem ned på akseptabelt nivå.

3.3. Konsekvenskategoriar

KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKE	YTRE MILJØ (LUFT, JORD, VATN)	MATERIELLE VERDIAR
KATASTROFALT	5	Meir enn 5 døde, eller 25 alvorleg skada (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for meir enn 50.000.000 kr
KRITISK	4	Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar. (KBP nivå 2)	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skadar mellom 5.000.000-50.000.000 kr
ALVORLEG	3	Inntil 10 alvorlege personskadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt.	Skadar mellom 500.000-5.000.000 kr
EIN VISS FARE	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming, evt. Kortare sjukefråver. (KBP iva 1)	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Skader mellom 50.000-500.000 kr
UBETYDELEG	1	Ingen eller små personskadar. (KBP nivå 1)	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.	Skader for inntil 50.000 kr

KBP er krise- beredskapsplanen. Med basis i definisjonar av sannsyn og konsekvens og gjennomføring av fareidentifikasjon kan naudsynnte risikoanalysar gjennomførast.

Alle kommunedelplanar skal også ha med eige kapittel om samfunnstryggleik og beredskap, og det skal gjennomførast ROS-analysar for alle kritiske område.

Sjekkliste for kva risiko og sårbarhet skal innehalde er vist i **kapittel 6**.

Reguleringsplanar skal ha ein ROS-analyse. Sjekkliste for planlegging er vist i **kapittel 7**.

4. DEFINISJONAR

Definisjonsbegrepa nevnt nedanfor er henta frå Stord kommune sin overordna ROS-analyse frå oktober 2008.

Samfunnstryggleik vert definert som den evna samfunnet har til å oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar og ivareta borgarane sine liv, helse og grunnleggjande trong under ulike former for påkjenning.

Arbeidet med samfunnstryggleik skal ha eit førebyggjande element ved at sannsynligheten for at uønska hendingar skal inntreffa vert redusert – *årsaksreduksjon*.

Arbeidet skal også sikra at konsekvensane i tilfelle uønska hendingar skjer vert så små som mogeleg – *konsekvensreduksjon*.

Årsaksreducerande strategiar kan vera proaktive tiltak som å bidra til å sikra samfunnsfunksjonar gjennom arealplanlegging, til førebyggjande tiltak som varsling. Konsekvensreducerande tiltak kan vera beredskapstiltak, herunder planar og planlegging, materiell og øvingar, eller tiltak for å styrkja evna til å handtera ei hending på det operative eller administrative nivået.

Beredskap er evne til å handtera og redusera skadeverknader av uønska hendingar som kan føra til skade på eller tap av verdiar.

Risiko

Sannsyn (frekvens) for og konsekvens av uønskt hendingar for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar.

Sårbarhet

Uttrykk for lokalsamfunnet sin evne til å fungera og oppnå sine mål under uføreutsette påkjenningar.

Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

Kartlegging av kva for hendingar det er aktuelt å førebyggje eller planleggje mot. I analysen vert sårbarhet kopla mot risiko.

Beredskapsplanar(kriseplanar)

Planleggje og førebu handlingar for å møte ulukker og andre påkjenningar som i art eller omfang går ut over det som vert rekna som normalrisiko og normalbelastning i fredstid.

Sannsyn for hending

Uttrykk for om og kor ofte ei hending kan skje.

Konsekvens:

Mogeleg resultat av ei hending

5. KARTLEGGING AV RISIKO NYE UTBYGGINGSOMRÅDE

5.1. Generelt

Stord og Fitjar kommunar gjennomførte revisjon av den overordna ROS-analysen for kommunane i 2008. I den overordna ROS-analysen er plansituasjonen etter gjeldande kommuneplan analysert og gjennomgått og med forslag til konsekvensreducerande og førebyggjande tiltak. Denne Ros-analysen tek for seg forslag til nye utbyggingsområde i Stord kommune.

Kartlegginga omfattar uønska hendingar med fokus på fare for liv, helse, miljø, materielle og økonomiske verdiar, samt samfunnsviktige funksjonar som til dømes kritisk infrastruktur (veg, vatn, avlaup mv).

Stord kommune har for mange område mangelfulle registreringar av uønska hendingar, og difor er mykje av grunnlaget for arealdisponeringa basert på lokal kunnskap.

Hovudmålsetjinga med denne ROS-analysen knytt til arealdelen i kommuneplanen er å unngå uønska og/eller uakseptabel risiko.

Kvart einskild tiltak/nytt område er i det etterfølgjande særskilt omtala med omsyn til arealbruk, risikokategoriar og ein grovanalyse med konklusjon av eventuelle som må gjerast for å oppnå akseptabel risiko ved utbygging av områda.

Det er komen inn forslag til utbygging i 25 nye område i Stord kommune. Storleiken på områda varierer mykje, frå 2,6 da til 248 da. Sjå vedlegg 1 og 2.

Det må etablerast tiltak i utbyggingsområde som legg til rette for nettverkbygging, aktivitet og trivsel og har nærleik til møteplassar.

Støyureining frå verksemdar, trafikk, fritidsaktivitetar og område for uteliv/tilstellingar og konsertar med potensiell konflikt overfor trong for søvn, kvile og fredleg rekreasjon må vektleggast ved nye utbyggingar.

Medverknad frå folk i utbyggingssaker – leggja vekt på høyringar/folkemøte slik at dei som bur i/nær områda kan verta ein aktiv part i konsekvensutgreiinga.

Universell utforming – kor lett kan dette takast omsyn til i aktuelt utbyggingsområde.

5.2. Risiko knytt til kvart einskild område

ROS-analysen for kvart einskild område tek spesielt for seg naturrisiko, verksemdsrisiko og sårbare objekt.

NATURRISIKO

Skred

I Stord kommune har det opp gjennom tidene vore lite ras. Det siste tilfellet var på Mehammer, der deler av E39 raste ut. Det går fram av den overordna ROS-analysen kva område i Stord som kan vere rasutsett.

Flom i vassdrag

I følgje FylkesROS er ikkje flom i vassdrag noko stort problem i ytre delar av Hordaland fylke. Sannsynet for skadeflaumar er imidlertid aukande, men ikkje dramatisk. Det kan oppstå problem einskilde stada under ekstremt regnver over kort tid.

Avlaupssystemet er i einsskilde område fellesledning, og her kan det vere problem å ta unna overflatevatnet. Dette må vurderast i kvart einsskilde utbyggingsområde.

Høg vasstand

Høg vasstand oppstår som ein kombinasjon av høg springflo og høg stormflo. På Stord kan naust og andre bygg som ligg nær sjø kunne verta skada av høg vasstand.

Sterk vind

Einskilde område i Stord kommune kan vere utsett for sterk vind, og desse områda må analyserast særskilt.

Ekstremnedbør

Meir enn 70 mm nedbør i løpet av eit døgn på kysten vert rekna som ekstremnedbør. Så store nedbørmengder kan føra til skade på bygningar og materiell, og det kan oppstå sørpeskred, utrasing av stein og jord kan verta utløyst.

Skog-/lyngbrann

I Stord kommune er det store skogområde og nokre lyngområde som kan verta utsett for brann. Gjennom dei siste 10-åra har det vore stor skogbrann på Stord. Risiko for ny skog/lyngbrann er difor tilstades i Stord kommune, og dette må analyserast i samband med etablering av nye utbyggingsområde.

Radon

Dette er eit vanskeleg område. Stord kommune har hatt kartleggingar som ha vist at sentrale deler av Leirvik kan ha radonproblem, men målingane er få og funna ikkje eintydige. Statens strålevern har i 2009 vedteke å endra sine tilrådingar for radon. Strålevernet tilrår no at radonnivå skal haldast so låge som mogeleg i alle bygningar, og at tiltak alltid bør utførast når radonnivået i eitt eller fleire opphaldsrom overstig 100 Bq/m³. Strålevernet framhevar at tiltak også kan vere aktuelt under 100 Bq/m³ dersom ein med enkle tiltak kunne fått radonnivået vesentleg lågare. Vidare tilrår Strålevernet no at radonnivå alltid skal vera lågare enn ein maksimumsgrense på 200 Bq/m³. Strålevernet vurderer at bygningar som arbeidsplassar, skular, barnehagar, forretningsbygg og utleigebustader bør påleggast å ha forsvarlege radonnivå gjennom regelverk. I ny byggteknisk forskrift som gjeld frå 1.7.2010 er det i § 13-5. Radon teke inn retningslinjer for prosjektering og utføring av bygning og det er sett minstekrav som skal vera oppfylt. Sjølv om det er registrert låge verdiar av radon på Stord, må det likevel vere fokus på dette temaet i dei nye utbyggingsområda.

VERKSEMDSRISIKO

Risikoverksemder

I Stord kommune er det mange risikoverksemder som mellom anna oppbevarer eksplosiva, brannfarleg vare, tankoppbevaring, gasslager/gassanlegg. Ved etablering av ny verksemd i nye områder må det gjennomførast analysar av konsekvensar ved slik etablering.

Forureina grunn

For nye utbyggingsområde må det gjerast undersøkingar om grunnen er forureina.

Elektromagnetisk stråling

Det går fleire høgspenlinjer og trafoanlegg i Stord kommune. Ved nye utbyggingsområde må det fokuserast på reglane som er knytt til bygging i avstand til desse høgspen- tracéane og trafostasjonane.

Trafikktryggleik

Gjennom dei siste 10-åra har det vore mange trafikkulukker på vegane i Stord. Mange av ulukkene skjer på stamvegen E39 og ved kryssing på stamvegen. Utrygg skuleveg vert fokusert på av mange.

Det må difor leggast vekt på at nye utbyggingsområde får ein trygg skuleveg, og at gang- og sykkelveggar/fortau vert bygd ut før utbygging vert gjennomført. Vidare er det viktig å syta for tilgjenge til gang- og sykkelvegnett slik at folk kan gjera gode val for eiga helse. Nærleik/tilgang til skule, barnehage og fritidsklubbar og aktivitetar for barn og unge utan at det inneber trong for transport/foreldrekøyring må også vektleggast ved nye utbyggingar.

Skipsfart

Store delar av Stord grensar til sjø med stor skipstrafikk, både med gods og personar. Hovudinnseglinga til hardangerfjorden grensar mot Stord kommune. Forureina utslepp frå båtar og eventuelle kollisjonar kan truga kystlina til Stord kommune.

Brannvesen

Stord kommune sitt brannvesen har godkjent grense for utrykkingstid ved brann. Kommunen har inngått samarbeid med dei store industriverksemdene og med nabokommunen Fitjar. I alle nye utbyggingsområde må det stillast krav til framkomsttilhøva og tilgang til nok vatn for brannvesenet.

SÅRBARE OBJEKT

Friluftsliv-/verna område

I stord kommune er det fleire friluftsområde og verna område som det må takast omsyn til ved utbygging av nye område. Ved nye utbyggingsområde med det etablerast tilgjenge til naturområde som kan brukast til rekreasjon og aktivitet, og viktige turområde og grøntkorridorar må vernast. Strandsonevern slik at det vi har att av tilgjengelege strender og fiskeplassar nær land vert verande tilgjengelege og brukande for alle.

Kulturminne

Stord kommune har mange registrerte kulturminne, og i nye utbyggingsområde må undersøkjast om det er slike kulturminne eller om nye kulturminne kan finnast i desse områda.

5.2.1. Bustadområde nr 1 Horneland (Byrkjeland)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området. Storleiken på området er ca 7,6 da og det er planlagt 8 bueiningar.

Tomtearealet ligg tett inntil Hornelandsvegen/veg til Digernes, og ligg tett inntil industriområde Heiane sør. Området er småkupert og skogkledd.


Leidningsnett for vatn og avløp og overvatn ligg i Hornelandsvegen. Ikkje ført fram fortau.

Det er ikkje kjent noko form for forureining av området. Rasfare er ikkje registrert, og det er ingen fare for flaum.

Det er so lang prosjektgruppa kjenner til ikkje registrert kulturminne i dette området.

Risikokategoriar			
Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Tilkomsten til området er ikkje trafikkisikra. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Nærleik til rv og industriområde på Heiane kan medføre støyplager. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader
Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekket overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.			

For kart sjå neste side.

Kart område 1 – Horneland (Byrkjeland)

5.2.2 Bustadområde nr 2 Rommetveit

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området.

Storleiken på området er ca 7,6 da og det er planlagt 8 bueiningar.

Tomtearealet ligg inntil Rommetveitsvegen. Vatn i Rommetveitsvegen. Ikkje kapasitet på verken avløpsnett eller overvassnett.

Rommetveitsvegen er ikkje tilfredstillande trafikkisikra langs utbyggingsområdet.

Tidlegare landbruksområde, og det er ikkje registrert noko forureining, utanom forureining frå gardsbruk.

Nedre del av området har truleg leirgrunn som ved gitte høve kan rasa ut. Nedslagsfeltet for området er relativt lite, og sjølv ved store nedbørsmengder er det lite truleg at det vil oppstå flaumskadar.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekka overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 2 Rommetveit



5.2.3. Bustadområde nr 3 Frugarden (areala aust for Tysevegen ikkje medrekna)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området.

Storleiken på området er ca 4,3 da og det er planlagt 6 bueiningar.

Tomtearealet ligg inntil Ådlandsvegen i kryss med sjukehusvegen og ned mot Frugardselva. Storparten av området på nedsida av Ådlandsvegen er dyrka mark.

Vatn i Ådlandsvegen. Ikkje kapasitet på avløpsnett. Ikkje overvassnett. Området må tilknyttast gangvegssystemet/fortau i området.

Det kan førekoma forureining frå Ådlandsvegen.

Området har truleg leirgrunn og ras kan førekoma i gitt situasjonar.


Flaumvatn frå overfor liggjande område må kartleggjast.

Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Skred og, flaum i vassdrag må undersøkjast særskilt. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Forureining av grunn og trafikktryggleik må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Kulturminne må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekka overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 3 – Frugarden (samla)

5.2.4. Næringsområde nr 4 Petarteig (Dåfjorden - naust)

Kort skildring av området: Bustadområdet ligg inne i gjeldande kommuneplan. Omsøkt føremål er naust.

Storleiken på området er ca 1,3 da og det er planlagt nytta til næring.

Tomtearealet er delvis skogkledd og noko brattlendt og ligg ned mot Dåfjorden.

Ikkje verken vatn, avløp eller overvatn ved eller nær tomtegrensa.

Tilkomsten til området er ikkje trafikktrygg, ettersom det ikkje er etablert fortau/gang/sykkelveg til området.

Det er etablert eit oppdrettsanlegg i nærleiken og eventuell forureining frå dette er ikkje kjent. Dette må undersøkjast nærare.

Fare for ras må undersøkjast nærare.

Det vert ikkje rekna med flaumfare, men ettersom området ligg ned mot sjø det vurderast om det kan oppstå skadar ved sterk vind og bylgjer.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Området må undersøkjast med omsyn til skred og sterk vind. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Det er etalert oppdrettsanlegg i området. Evt konsekvensar med dette må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekket overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 4 – Petarteig (Dåfjorden - naust)



5.2.5. Bustadområde nr 5 Vikanes (føresett utvida i restriksjonssona)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området.

Storleiken på området er ca 4,6 da og det er planlagt 5 bueiningar.

Tomtearealet ligg i nærleiken av Vikanesvegen. Området ligg i restriksjonssona for flyplassen på Sørstokken.

Ikkje ført vatn, avlaup eller overvatn fram til tomteområdet. Vassleidning i Fv70, ikkje avløpsnett.

Det er ikkje ført fram fortau/gangveg til området som er svært kupert og skogkledd med bratte skrentar, spesielt mot sjø. Tilkomsten til området vert ikkje rekna som trafikktrygg.

Det står ei gamal løe i nærleiken av området og grunnen virka noko forureina, og dette må sjekkast ut nærare. Ettersom det er fleire bratte skråningar og stup må fare for ras undersøkjast nærare.

Tomtearealet ligg på eit fjellplatå, so det liten eller ingen fare for flaum.

Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Forureining av grunn og trafikktryggleik må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Groanalysen har ikkje avdekket overskriding av lovverket sine føresegnar eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

5.2.6. Bustadområde nr 6 Kyvik (gjeld eksisterande bustader)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-/nei-området.

Storleiken på området er ca 2,6 da og det er planlagt 1 bueiningar (eksisterande).

Tomtearealet ligg inntil Rometveitsvegen.

Vatn og avløp ved tomtegrenna. Ikkje offentleg overvassystem.

Rometveitsvegen er nyleg utvida og fortau er etablert, noko som inneber trafiksikker tilkomst.

Det er ikkje registrert forureining i området.

Faren for flaum og ras vert vurdert som liten.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekka overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område6 – Kyvik/Fuglevika



5.2.7. Kombinert nærings- og bustadområdeområde nr 7 Sagvåg

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan som næringsområde, og det vert søkt om kombinasjon bustad og næring.

Storleiken på området er ca 8,4 da og det er planlagt 80 bueiningar. I dag vert området nytta til næringsverksemd. Tomtearealet ligg inntil Fitjarvegen.

Vatn, avløp og overvatn ved tomtegrensa.

Med den store bustadutbygginga som her er planlagt må det gjennomførast ei trafikkanalyse om trafikk sikringa er tilfredstillande.

Bruken av området har vore næringsretta, det er ein viss fare for forureining av grunnen. Ettersom nye bustader ligg tett inntil den sterkt trafikkerte Fitjarvegen, må det gjerast undersøkingar med omsyn til trafikkstøy og støy frå næringsverksemd i området.

Fare for ras i området vert vurdert som liten.

Området ligg nær Storavatnet, og eventuell vassinntrening ved høg vass stand må vurderast særskilt.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Risikoverksemd, forureina grunn og trafikktryggleik må undersøkjast nærare. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekka overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 7 – Sagvåg/Podlen



5.2.8. Båthamnråde nr 8 Skjersholmane

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i område for off. hamn/LNF.

Storleiken på området er ca 63,8 da og det er planlagt bygd ut til båthamn.

Tomtearealet ligg i nærleiken av Skjersholmane ferjekai - sørsida.

Ikkje brannvatn fram til tomta. Begrensa vassmengde tilgjengeleg. Verken avløp- eller overvassystem i området.

Det er ikkje ført fram fortau til Skjersholmane og tilkomsten er difor ikkje trafikksikker.

Området ligg ope for vind og ver, og er difor svært utsett for sterk vind ekstreme bylgjer.

Ei båthamn vil kunne medføra noko forureining.

Ras og flaum er lite sannsynleg.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Høg vasstand og sterk vind er kritiske faktorar som må undersøkjast nærare. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Trafikktryggleik og skipsfart er kritiske faktorar, og risikoversemd må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Eventuelle kulturminne må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Groanalysen har ikkje avdekket overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 8 –Skjersholmane



5.2.9. Næringsområde nr 9 Heiane vest

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan som område for park/LNF-området.

Storleiken på området er ca 30 da og det er planlagt som næringsområde.

Tomtearealet er delvis skogkledd og ligg inntil Heiane vest og E39.

Ikkje offentleg avløpsanlegg med kapasitet i området. Vatn hentast via Heiane Vest. Ikkje off. overvassystem.

Dersom området vert knytt til eksisterande Heiane vest, må tilkomsten trafikk sikrast.

Forureining er ikkje registrert utover det som kjem bergarten.

Ras og flaum vert vurdert som lite sannsynleg.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Risikoverksemd, trafikktryggleik og forureining av grunn må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Groanalysen har ikkje avdekka overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 9 – Heiane Vest



5.2.10. Bustadområde nr 10 Tyse (arealet er teke med under pkt 14)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området.

Storleiken på området er ca 30 da til næringsområde og 50 da til bustad, og det er planlagt 50 bueiningar. (må sjåast saman med område 14).

Tomtearealet som er delvis skogkledd ligg delvis inntil Vestlivegen.

Områda 10, 14 og 16 har ikkje verken vatn, avløp eller overvatn per i dag.

Tilkomsten til området er heller ikkje trafikkisikra.

Noverande området vert nytta til travpark, og det kan truleg førekoma noko forureining som må sjekkast ut.


Fare for ras og flaum er lite sannsynleg.

Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Trafikktryggleik er kritisk og tiltak må gjennomførast. Forureining av grunn må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekka overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område 10 – Tyse (tidlegare hestesportsløype)

5.2.11. Nærings-/bustad/off.byggområde nr 11 Hatland-Digernes (Heiane sør)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området.

Storleiken på området er ca 720 da, fordelt med 210 da til næring, 248 da til bustad, 55 da til off. bygg og 207 da til grøntområde. I området er det planlagt 300 bueiningar. Tomtearealet ligg delvis inntil Hornelandsvegen og E39 med betydeleg skogareal og rik flora, fauna og dyreliv.

Ikkje verken vatn, avløp eller overvatn ved eller nær tomtegrensa., eller annan infrastruktur i området.

Området manglar trafikktrygg tilkomst.

Det er ikkje registrert forureining, men dette må undersøkjast nærare.

Rasutsette område kan førekoma og må undersøkjast nærare.

Ettersom dette er eit svært stort område, må det undersøkjast nærare om flaum frå omkringliggjande område kan oppstå ved gitte høve.

Det er etablert dynamittlager i området. Korvidt dette er i bruk er ikkje undersøkt nærare. Ved ei eventuell utbygging må lageret fjernast.

Det må undersøkjast om det er fornminne i området.


Det må utarbeidast ei konsekvensutgreiing for denne store utbygginga inkludert fullverdig ROS-analyse. Området vert ikkje tilrådd utbygd før slik konsekvensutgreiing og ROS-analyse ligg føre, og som syner at risiko og tryggleikssituasjonen er tilfredstillande.

Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Det går høgspenline over utbyggingsområdet. Stråling frå denne kan vere kritisk. Trafikktryggleik må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Heile området må undersøkjast med omsyn til kulturminne og andre sårbare objekt. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

Konklusjon: Grovanalysen har ikkje avdekket overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarhet utgreiast etter gjeldande lovverk og forskrifter. Sjå risikomatriseskjema.

For kart sjå neste side.

Kart område11 – Hatland – Digernes (Heiane sør)

5.2.12. Bustadområde nr 12 Hystad (aust for Hystadvegen)

Kort skildring av området: Området ligg etter gjeldande kommuneplan i LNF-området.

Storleiken på området er ca 100 da, og det er planlagt 150 bueiningar og 60 da grøntområde.

Tomtearealet har ein del busetnad og med mykje dyrka mark og ligg delvis inntil Hystadvegen og grensar mot sjø i sør.

Ikkje verken vatn, avløp eller overvatn ved eller nær tomtegrensa med tilstrekkeleg kapasitet.

Det er fortau langs Rommetveitvegen, men ikkje på den sida av vegen som grensar mot det aktuelle utbyggingsområdet. Det inneber at tilkomsten til området ikkje er trafikktrygg.

Store deler av området er landbruksområde og det kan førekoma forureining. Dette må undersøkjast nærare.

Grunnen har leirhaldig masse og det må undersøkjast om det er fare for utgliding/ras.

Flaum frå overfor liggjande område må undersøkjast nærare.

Det må også gjennomførast radonundersøkingar i grunnen.

Det må undersøkjast om det er fornminne i området.

Konsekvensane av høgspenteleidning gjennom området må utgreiast nærare spesielt med omsyn til strålingsfare.


Risikokategoriar

Naturrisiko	Verksemdsrisiko	Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegginga	Sårbare objekt
Skred og flaum må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Forureining av grunn og trafikktryggleik må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader	Kulturminne må undersøkjast. Elles ingen kjente risikomoment. ROS må vurderast ved einskildsøknader

